



## Austevoll kommune

### Møteprotokoll FORMANNSKAPET

**Møtedato:** 02.03.2010

**Møtetid:**

Kl. 15:00

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN

**Saksnr.:**

018/10 - 027/10

<b>Følgjande medlemer møte</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møte</b>	<b>Parti</b>
Helge Andre Njåstad	Frp	Narve Møgster	Frp
Jostein Blænes	”		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Julie Eide Solbakken	H		
Jane Kirsti Stangeland	Ap		

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	
Kjetil Østervold	Frp	
Kurt Frank	H	
Christian Halstensen	Krf	

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Merknader:</b>	Ingen
<b>Innkalling:</b>	Ingen
<b>Diverse:</b>	

\_\_\_\_\_  
Helge Andre Njåstad  
Ordførar

\_\_\_\_\_  
Jostein Blænes

\_\_\_\_\_  
Renate Møgster Klepsvik

\_\_\_\_\_  
Edvard Johs. Stangeland

\_\_\_\_\_  
Julie Eide Solbakken

\_\_\_\_\_  
Jane Kirsti Stangeland

\_\_\_\_\_  
Narve Møgster

## **018/10: GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 19.01.2010**

### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i formannskapet 19.01.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

## **019/10: POLITISK KVARTER**

Handsaming i møtet:

### Spørsmål frå Jane Stangeland:

Er det mogeleg å utvida opningstida for off. tenester som gjeld tilsyn og feing?

Skal det gjerast fleire politiske vedtak knytta til flytting av bebuarar på PO-senteret?

### Svar frå rådmannen:

Innføring av utvida opningstid er eit økonomisk spørsmål og skal desse tenestene utførast på ettermiddagstid vil dette føra til auka avgifter for innbyggjarane då desse tenestene skal finansierast til sjølvkost.

### Svar frå ordføraren:

Administrasjonen har mandat frå kommunestyret om gjennomføring av vedtak knytta til flytting vedk struktering av sjukeheimane. Han la til at eit samla kommunestyret har slått fast at det skal gjennomførast og at administrasjonen må ikkje få andre signal enn å gjennomføre det heile kommunestyret har bestemt.

### Spørsmål frå Edvard Johannes Stangeland:

Det er gjeve dispensasjonar og stilt krav, bl.a. for bu- og driveplikt. Blir desse dispensasjonane og krava fulgt opp/kontrollert?

### Svar frå rådmannen:

Kommunen driver ikkje kontrollverksemd, men dersom ein mottek klager vil kommunen følgje opp. Kommunen har ikkje ressursar til å drive kontrollverksemd.

### Spørsmål frå Jostein Blænes:

Brøyting på Litlekalsøy – har kommunen beredskapsplan for dette.

### Svar frå rådmannen:

Austevoll kommune har ikkje beredskapsplan for brøyting på Litlekalsøy. Der det ikkje er avtale med kommunen om brøyting må innbyggjarane sjølv ordna dette.

### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka.

## **020/10: REFERATSAKER**

### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## **021/10: REKNESKAPSRAPPORT JANUAR 2010**

### **Vedtak:**

Austevoll formannskap tek rekneskapsrapport etter januar 2010 til orientering. Det vert lagt ved kommentarar/spørsmål frå Frp stilt i møte:

### **Kommentarar til rapporteringa:**

- Positivt at fristen med rapportering den 15. i kvar måned vert fulgt.
- Positivt at heile organisasjonen har fokus på rapportering og på den måten også har eigarskap til rapporten.
- Ber om at det i framtida også vert rapportert med omtale av kvart einskilt område som skal reduserast på drifta i høve til 2009 nivå jmf kommunestyret sitt vedtak i desember om rapportering.
- Dei månadlege meldingane om skatteinngong må leggjast fram til politisk handsaming. Det er og ynskjeleg at nivået på skatt for heile landet framgår av desse meldingane.

### **Spørsmål til rådmannen i møte / evt som kan svarast på i ettertid:**

- Løn og sosiale utgifter viser for januar eit forbruk på om lag 1 million under budsjett. Lønnsauke frå 1. mai er lagt til eigen post så det er ikkje forklaringa. Kan rådmannen seie noko om dette skyldes vakanser, mindre bruk av sjukevikar / vikarar eller om budsjettet i utgangspunktet har vært romsleg med tanke på lønsposter i høve til den lønsmassen som finnes i organisasjonen? Lønnskjøring for februar er kjørt. Bekrefter den tendensen frå januar?
- Noko av forklaringa på det gode resultatet samla sett er manglande fakturering av tenester utført i januar for kommunen. Vert desse periodisert i ettertid slik at resultatet vert endra eller er praksisen til kommunen at rekningane vert ført på den månaden fakturaen kjem inn istadenfor den månaden tenesta er utført i?
- Småtun barnehage har på ein måned brukt 150 000 meir enn budsjett. Dette skyldes i fylgje kommentarane at statstilskottet ikkje er ført. Vil statstilskottet i sin heilhet rette opp denne ubalansen?
- Private barnehagar er ført med 130 000 meir enn budsjett i januar. Kommentaren tyder på at utgiftene til kommunen på dette feltet er auka. Det er kjent for politisk nivå, men om det er auka utover budsjettet er det ikkje kome tydeleg fram verken i denne rapporten eller på anna måte. Fint med utdjuving av denne saka. Dersom det medfører riktighet at budsjettposten samla ikkje vil halde vert den forventta at naudsynt budsjettregulering innanfor eige område vert gjort.
- Helseavdelinga. Kommentarene fortel at ein tilsett *ikkje har fått løn*. Vil det seie fråvær utan bruk av vikar?
- BPA – Rådmannen skriv at dersom ein skal halde seg til budsjett må ein redusere tenesteforbruket (tilpasse til budsjett). Vil det bli gjort slik at budsjettet skal halde?
- Barnevern. Sjølv om rapporten syner underforbruk tyder kommentarane på framtidig overforbruk. Ein ber rådmannen fylgje opp dette og tilpasse aktiviteten også her til budsjett.

Rådmannen svara muntleg i møtet på desse spørsmål.

### **022/10: KJØP AV INDUSTRIOMRÅDE PÅ GEITHOLMEN/SALTHELLA**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Sp og Frp v/Jostein Blånes:

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll Notverksted AS får kjøpa gnr. 13 bnr. 54 på Geitholmen for 25.000,- pluss alle omkostningar med salet.

Kommunestyret grunnjev salet direkte til denne bedriften med at denne saka er spesiell all den tid bedriften i dialog med kommunen har kosta utfylling i dette aktuelle området.

Kommunestyret meiner difor at kommunen sine handlingar tidlegare er slik at det er rett å selje utanom den vanlege prosedyren med utlysning og sal på den opne marknaden.

Det vart røysta over tilrådinga frå rådmannen og framlegget frå Sp og Frp.

Tilrådinga fekk 1 røyst (H – Julie Solbakken) og framlegget 6 røyster (Frp, Sp og Ap)

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll Notverksted AS får kjøpa gnr. 13 bnr. 54 på Geitholmen for 25.000,- pluss alle omkostningar med salet.

Kommunestyret grunngjev salet direkte til denne bedriften med at denne saka er spesiell all den tid bedriften i dialog med kommunen har kosta utfylling i dette aktuelle området.

Kommunestyret meiner difor at kommunen sine handlingar tidlegare er slik at det er rett å selje utanom den vanlege prosedyren med utlysning og sal på den opne marknaden.

**023/10: SAMARBEID OM AUTORISERT TURISTINFORMASJONSKONTOR I AUSTEVOLL - SØKNAD OM TILSKOT**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

(Ynskje at saka går til kommunestyret då det er prinsipielt om kommunen skal inngå eit slikt samarbeid og ei sak som gjerne kommunestyret og kan ha synspunkt på – pluss at avtala kan utarbeidast i mellomtida).

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune inngår samarbeid med Austevoll Reiselivslag om etablering av turistinformasjonskontor i biblioteket i Bekkjarvik Torg.

Austevoll kommunestyre løyver 50.000,- til etableringstilskott / driftstilskott for 2010. Tilskottet er finansiert av næringsfondet.

Austevoll Formannskap ber om at det vert forhandla fram avtale med Austevoll Reiselivslag før kommunestyret har møtet og at denne vert å leggja fram til møtet.

Det vart røysta over tilrådinga frå rådmannen og framlegget frå Frp. Framlegget frå Frp vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune inngår samarbeid med Austevoll Reiselivslag om etablering av turistinformasjonskontor i biblioteket i Bekkjarvik Torg.

Austevoll kommunestyre løyver 50.000,- til etableringstilskott / driftstilskott for 2010. Tilskottet er finansiert av næringsfondet.

Austevoll Formannskap ber om at det vert forhandla fram avtale med Austevoll Reiselivslag før kommunestyret har møtet og at denne vert å leggja fram til møtet.

**024/10: GNR. 69 BNR. 0016 GRASDAL. ASFALTERING**

**Vedtak:**

Formannskapet finn ikkje midlar på årets budsjett til å kunna gå inn å gje tilskot til dette prosjektet.

## **025/10: GNR. 62 BNR. 3 OG 18 VINNES. SØKNAD OM UTBYGGJING I KOMMUNAL REGI**

### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre er positiv til å byggje ut infrastruktur i regulert bustad - område, og opparbeiding av frisktliner og vegkryss ved Rv546 som OPS-prosjekt (offentleg privat samarbeid).

1. Avtale/ faktureringsplan, med meir må utarbeidast mellom Bømlo Hus Drift AS og Austevoll kommune.
2. Austevoll kommune innhenter pris frå føretak som har sin kompetanse innfor fagområda, - veg, vatn, brannslukkevatn og overvatn m.m. Valt føretak får rollene SØK/PRO/ KPR. Føretaket utarbeider søknader om rammeløyve, igangsettingsløyve, ferdigattest, samt utarbeiding av materiale for utlegging på doffin-basen.
3. Søknad om rammeløyve (byggeløyve) for infrastruktur må sendast til avd. for byggesak, jf plan- og bygningslova §§ 93 og 95a.
4. Anbud lysast ut på doffin-basen som totalentreprise i kommunal regi, der Austevoll kommune står som byggherre/ tiltakshavar.
5. Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å framforhandle avtaler/ faktureringsplan/ framdriftsplan, kontrakter, med meir samt signering av disse. Vidare får rådmannen fullmakt til å avgjere størrelse på kommunen sine administrasjonskostnader.

## **026/10: SØKNAD OM GRUS PÅ VEG PÅ LUNDØY**

### **Vedtak:**

Formannskapet har ikkje budsjettmidlar til kjøp av grus til den kommunale vegen m.m. på Lundøy, søknaden vert derfor avslått.

## **027/10: STRATEGISK PLAN FOR SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 2010 - 2013**

### **Vedtak:**

Austevoll kommune sluttar seg til framlegg til Strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2010 – 2013